



Stein Tveite

## Staten og landbruket i etterkrigstida - næringspolitikk eller sosialpolitikk?

Etterkrigstida tok til før krigen. I serleg grad gjeld det for landbrukspolitikken, ut frå fleire sentrale tema. Bøndene svinga over på beinveges dirigering av jordbruksvaremarknaden, med maksimering av inntekta som mål. Mot dette kom planar frå fagøkonomisk hald om innbyggjing av jordbruket i den ålmenne økonomiske politikken, med nedprioritering av "modernnæringa" som eit berande element. For skogbruket var det motsett, frå forstfaglege og politiske krefter blei det reist krav om auke av produksjonen gjennom politiske tiltak.

### Jamstellingskravet

Jordbruket blei eit politisk stridsemne frå 1896, med skipinga av *Norsk Landmandsforbund* (frå 1921: Norges Bondelag). Organisasjonen ville presse staten til å gje landbruket "den Agtelse og Betydning, det [...] fortjener". Landbruket tapte terreng andsynes "bynæringane", serleg industrien. Staten skulle ha som oppgåve å motverke denne endringa.

Det aktuelle politiske spørsmålet var tollpolitikken, med politisk utteljing for NLF alt i den nye tolltariffen 1897. Dette var ikkje nok, og i 1912 fekk tollkravet ei ny form: "Landbruket *likestilles* med håndverket og industrien i tollpolitiske henseende." Dermed var jamstellingskravet på det politiske kartet, i den fyrste av tri typar.

Den tollpolitiske "jamstellinga" kom til vefs ende med dei store tollpåleggja 1921-27, fyrst då blei det verkeleg grensevern for jordbruket. Men snøgt synte det seg at vernet ikkje var effektivt, "overproduksjon" kom inn som eit problem i jordbrukspolitikken. I denne samanhengen vil det seie at auke i produksjonen pressa prisane ned under nivået på verdsmarknaden. Eksport av "overskotet" måtte til.

Kring 1930 svinga bondepolitikarane over i den andre fasen - *prisjamstelling*, "priskløften" måtte bli fylt. Foredømet var i USA, der jordbruksorganisasjonane i 1920-åra kravde "back to parity". Dei ville ha same forhold mellom jordbruksprisar og industriprisar som før krigen. Stoda like

*Motstående side:*  
*Høyonn på slutten av 1930-tallet. Grunnlaget for etterkrigstidas landbrukspolitikk ble lagt før krigen.*

før 1914 var "det normale", jamfør paripolitikken her i landet. Det seinare Institutt for landbruksøkonomi ved NLH fekk i oppdrag å utarbeide denne prisindeksen, eit tidleg døme på produksjon av offisiell statistikk som politisk våpen.

Regulering av den indre marknaden var ein føresetnad for å heve prisane. Dette skjedde snøgt, med Omsetnadslova av 1930 og organiseringa av mjølkesentralane. Det viktigaste tiltaket kom ved smørinnblandinga i margarinen (1931). Gjenom kriseforlika 1934, 1935 og 1936 blei målet nådd, i alle fall for smørprisen. Og dermed var det duka for den siste fasen, som vi enno er midt oppe i.

Det syntet seg med same at "prisparitet" ikkje langt på veg var nok for at avkastinga i jordbruket skulle vere på høgd med industrien. Det var heilt klart at her var eit stort gap, som best syntet seg ved lønsarbeidet i jordbruket jamfört med vanleg industriarbeidarløn. Industrien hadde effektivisert produksjonen sterkt. 1937 svinga Bondelaget over på å krevje *inntektsjamstelling*.

Jon Leirfall var den sentrale personen i dette arbeidet, som formann i komiteen som skulle greie ut om spørsmålet. Innstillinga frå juni 1939 var difor eit uvanleg godt og velskrive analytisk arbeid - og utruleg radikalt. Innstillinga braut med den sentrale lina i det jordbruksfaglege arbeidet - mot "produksjonsaktivismen". Produksjonsregulering ville bli naudsynleg, elles ville bøndene "produsere seg til fant". Utan regulering ville det vere mest uråd å oppfylle hovudkravet i innstillinga - 50% prisauke på jordbruksprodukta.

Jamstellingskravet i ny utforming var ein stor politisk suksess. Få veker etter innstillinga kom valprogrammet for den eigenlege motstandaren - DNA som regjeringsparti. Her var jamstellingsmålet sett opp. Fellesprogrammet for dei politiske partia våren 1945 gjorde det same. Den lange jordbruksbolken i valprogrammet for DNA same hausten opna slik: "Jordbruket sikres jevnstilling med andre næringer til trygging av arbeidsmuligheter og levekår for landsbygdas arbeidende folk." Dette er i grunnen merkeleg, ut frå stoda både før krigen og i 1945.

#### **DNA, NBSL og landbruket**

Arbeidarpartiet hadde ingen landbrukspolitikk, ut over reaksjonar på utspel frå andre parti. Det er heilt naturleg, ut frå ideologi og medlemsunderlag. Jordprogrammet av 1902 var eit unntak, men her var det tale om eit prinsipielt politisk syn

på strukturen i landbruket. Den låge prioriteringa synte seg i fiaskoen med Hornsruds bladtiltak *Arbeiderbonden*.

Etter 1930/1933 kom det ein sterk snunad, med bygder og primærnæringar nær sentrum av interessa i partiet. Dette har fleire sider, som eg ikkje skal gå inn på her. Men det fanst to veike element for å kunne meisle ut ein eigen landbrukspolitikk: fagleg ekspertise, og organisatorisk fotfeste. Etter mykje att og fram blei det siste problemet løyst ved å inngå samarbeid med Norsk Bonde og Småbrukarlag (og med Norges Fiskarlag) frå 1937. Samstundes arbeidde NBSL seg over på line med partiet. Organisasjonen hadde mista politisk ryggfeste, ved at Radikale Venstre var utradert og kontakten til Venstre var blitt sers veik. Fram mot 1940 var NBSL i sterkt framgang, noko som førde til ein hardare front frå NBL.

Etter "pausen" 1941-45 var denne harde fronten borte. Småbrukarlaget tok til med offensiven på ny, og tok sikte på å bli den dominerande faglege organisasjonen for jordbruket. Medlemstalet gjekk kraftig opp, dei fleste i styret var DNA-folk, og partiet fekk absolutt fleirtal ved stortingsvalet. Symbolet på optimisme og framgang var at formannen i laget, småbrukskulestyrar Sigvart Gulbrandsen, blei utnemnd som ny landbruksdirektør 1946, under sterkt fagleg-politisk protest.

Men kva med politikken? Poenget er at NBSL stilte seg skeptisk eller avvisande til det ålmenne jamstellingskravet, både i 1939 og 1945. Naturleg nok var dei skeptiske, sidan kravet kom frå NBL. Dertil kom at dei reagerte negativt på den framgangsmåten som skulle bli nytta (sjå nedanfor). Men dessutan var leiinga i laget mot ei generell heving av jordbruksvareprisane. Det var "dei store" som ville tene (mest) på ein slik politikk. NBSL gjekk inn for tiltak som var serleg sikta på dei små brukta, ved å skape betre bruksstruktur og lågare kostnader. Etter 1945 fekk tiltaka merke-lappen *indre jamstelling*, noko som fekk nedslag i arbeidsprogrammet for DNA 1953 (og for så vidt det same i 1949).

Leiinga i Småbrukarlaget kunne vise til at det kom slike "småbrukspolitiske" tiltak: Jordlorevisejon 1938, Lov om husbruksskog 1939, tilskot til maskinstasjonar 1947, kunstgjødseltilskot for mindre bruk same år, potetrygd 1948, for å nemne i fleng.

Men dette var langt frå ein konsekvent småbrukspolitikk. I denne omgangen er det nok å peike på *jordspørsmålet*, den gamle hjartesaka for NBSL heilt frå skipinga 1913. Dei ville

*Statsminister Oscar Torp taler ved åpningen av Norsk Bonde- og Småbrukarlags landsmøte i 1953, som ble holdt på Maihaugen på Lillehammer. I bakgrunnen (t.h.) O.E. Noem, Småbrukarlags formann i åra 1951-56.*

ha ein “Robin Hood-politikk”, overføring av jord frå store til små bruk gjennom oreligning (ekspropriasjon). Etter mykje politisk strid kom Jordlova av 1928, som eit typisk Venstre-kompromiss. NBSL pressa på for å få ei meir effektiv lov. Hornsrød stod på linje med dei her, med revisjonen 1938 som resultat. NBSL var på ny misnøgd, men kunne bortforklare dei negative sidene med at DNA ikkje hadde fleirtal. 1945 blei krav om ny jordlov reist, 1947 oppnemnde regjeringa ein jordlovkomité. Innstillinga, og den nye lova “Om tilskeping av jordbruk” 1955, hadde snudd saka på hovudet. Siktepunktet var no å skape større bruk - ved samanslåing gjennom statleg forkjøpsrett.



Saka var at sentrale grupper i DNA alltid hadde vore skeptiske til Småbrukarlaget. Ein ting var at Venstre hadde vore "moderparti" for laget, og Arbeiderdemokratane/Radikale Venstre hadde langt på veg hatt leiinga. På Opplanda var det hard strid om det lokale politiske herredømet mellom DNA og RV i mellomkrigstida. Meir grunnleggjande var ei negativ haldning til "småbruksideologien", som "romantisk" eller "bakstreversk". Jordbruket måtte bli moderne og meir effektivt, det gjekk berre på større bruk.

Som nemnt rådde partiet ikkje over fagleg ekspertise når det galdt jordbruk (og skogbruk). 1933 var *geografen* Axel Sømme eksperten på emnet. Men stoda endra seg i 1930-åra, ein del agronomar kom til partiet (1936 Sosialistisk Studentlag ved NLH). Den faglege bakgrunnen gjorde at dei var langt frå NBSL-synet. Det same galdt for den nye landbruksministeren, storbonden Hans Ystgaard - "en gammel venstrekakse, som i etterkrigstidens økonomiske bølgegang fant en trøstens havn i den socialistiske lære" (Nasjonen).

NBSL hadde to gamle "hjartesaker" til, forutan jordspørsmålet: småbruksundervisinga og "smånæringane". Gunnar Knudsen sin plan hadde blitt sett i verk eit stykke på veg, med småruksskular i ein del fylke og Statens Småbrukslærarskule på Sem som toppinstitusjon - i tevling med det parallele systemet med NLH som topp.

Men Ystgaard hadde sonen på Ås, ikkje på Sem. 1938 kom det eit dosentur i fjørfeavl, som blei lagt til Ås. Ikkje nok med det, Johs. Høie fekk embetet. Han var sekretær i jordbrukskomitéen for DNA/AFL 1936-37, og formann i Akershus bonde- og småbrukarlag. Endå verre var det at Ystgaard tok opp til drøfting spørsmålet om samordning/samanslåing av Ås og Sem. Dette var på line med den "vanlege" agronomiske ekspertisen, og med synet til NBL. Saka blei endeleg løyst ved stortingsvedtak 1960, men Thorstein Treholt fekk trass i alt med seg 1/3 av gruppa i å gå mot proposisjonen.

Treholt var den fyrste (og siste?) av landbruksstatsrådane som kom frå Småbrukarlaget, på eit tidspunkt (1971) då laget stod med den eine foten i grava. Statsrådane frå 1945 og utetter hadde sitt grunnsyn frå Ås (eller fylgte vanleg mening). Kristian Fjeld (1945-51) titulerte seg rett nok som småbrukar (og fylkesrevisor), men hadde ingen posisjon i organisasjonen. 1946 fekk Fjeld ein sterk statssekretær, som stod langt frå småbrukarideologien. Olav Hogna var

Ås-kandidat frå 1932, og kom direkte frå arbeidet med å reise Norges Bondelag etter okkupasjonen - som generalsekretær! Hogna var ingen ny mann i landbrukspolitikken, han er med og personifiserer påstanden om at etterkrigstida tok til før krigen.

### **Landbruks politikk og økonomisk politikk**

I Noreg som i andre land hadde dei landbrukspolitiske tiltaka for det meste kome som ad-hoc løysingar, svar på aktuelle problem eller krav, utan indre logikk. 1938 tok sosialøkonomen (og sosialdemokraten) Gunnar Myrdal opp spørsmålet i boka *Jordbruks politiken under omläggning*. Han ville avløyse dei krisepolitiske tiltaka med "en planmässig jordbruks politik på längre sikt". På stutt sikt måtte ein framleis gripe til kriseløysingar, men dei måtte ikkje sprike for sterkt frå den planlagde utviklinga. På lengre sikt skulle jordbruket bli effektivisert ved moderne teknologi brukt på større einingar. Ledig arbeidskraft ville gå over til andre og meir ekspansive næringar. Overgangsproblema skulle bli letta ved å gje mellombels stønad til bønder som ikkje kunne gå ut av næringa. Dei skulle få nok mat på sottesenga.

Boka vekte stor åtgaum, og gav det teoretiske underlaget for oppnemninga av den store svenske jordbrukskomiteen 1942. Men nordmenn fylgte med, Leirfall hadde lese Myrdal og omtaler boka i innstillinga frå Jamstellingskomiteen. Viktigare er det å sjå det nye synet i samband med den store norske jordbrukskomiteen som blei oppnemnd i august 1939.

Dette var noko heilt nytt i norsk økonomisk politikk. Komitéen var på heile 15 personar, av dei 3 kvinner! Dette avspeglar at "alle" interesser skulle vere representerte, økonomisk og agronomisk ekspertise, Småbrukarlaget (ved formann Gulbrandsen), fagrørla, fiskarane, industrien, og forbrukarane. Det har samband med det sers vide mandatet. Nemnda skulle vurdere landbruks politikken under eitt og kome med framlegg til endringar. Dei skulle sjå på verknader for ulike brukstypar, for forbrukarane, og for norsk økonomi i det heile. Vi aner Myrdal i bakgrunnen ved at dei skulle ta omsyn til "erfaringene som er høstet om lignende tiltak i andre land".

Landbrukskandidat og sosialdemokrat Olav Hogna blei sekretær. Den nye typen av komité synte seg ved at han fekk pengar nok (frå kraftforavgifta) til å byggje opp eit sekretariat. Her sat 3 nybakte sosialøkonomar. Den eine av dei,

Odd Aukrust, var eit serleg godt val, som son til ein landbrukskulestyrar og stortingsmann frå Bondepartiet (sjå Kjell Aukrust).

Tyskarane kom, det blei slutt på arbeidet i denne komitéen. Men i juni 1946 oppnemnde regjeringa *to* store jordbrukskomitéar. Hogna var formann i den første - *Jordbrukets produksjons- og rasjonaliseringskomité*, Odd Aukrust var sekretær for den andre - *Jamstettingskomitéen*. Den svenske 1942-komitéen kom med innstilling på same tid, på ny kan vi sjå påverking frå grannelandet. Hogna hadde vore tilsett i landbrukskontoret ved den norske legasjonen i Stockholm under okkupasjonen (før han blei byråsjef i London), og fylgte med i det svenske utgreiingsarbeidet.

Formann i Jamstettingskomitéen var ingen mindre enn Arne Skaug, ved sida av Brofoss den viktigaste mannen i utforminga av den "nye" økonomiske politikken. No var det heilt klart at landbrukspolitikken skulle bli samordna (underordna) med resten av planøkonomien. (Skaug var formann i Det økonomiske samordningsråd).

Både komitéane brukte lang tid på arbeidet. Jamstettingskomitéen kom med innstilling 1951, Rasjonaliseringskomitéen var ferdig 1952. Men den siste var den åttande i rekka, så her var det gjort eit arbeid i samsvar med det krevjande mandatet - produksjon i jordbruk og hagebruk, teknologi, undervising og forsking. Hovudretningslinene (og langt på veg resultata) var alt utforma i Nasjonalbudsjettutvalet



Demonstrasjon av ugrassprøyting for Solvoll småbrukarlag, Vestre Toten, omkring 1950.

1946 og framlagt i Nasjonalbudsjettet (Leirfall: Draumkvedet) på nyåret 1947.

Ved agronomisk, teknisk og økonomisk forsking og rettleiing, kombinert med investeringar i jord og kapitalutstyr, skulle både biologisk produktivitet og arbeidsproduktivitet bli auka. Føresetnaden for dette var ein sterk auke i bruksstorleiken, slik at arbeidskraft og teknologi blei optimalt nytta. Innstilling V (1950) munna ut i at det optimale bruket sysselsette 3 mann, forutan husmora.

Dette var (sjølv sagt) i samsvar med strategien for effektivisering av "bedriften Norge". Arbeidskraft og andre ressursar skulle bli overført frå lågproduktive til høgproduktive næringar. På den eine sida skulle serleg jordbruk og fiske avgje folk, på andre sida skulle (den kraftkrevjande) eksportindustrien vekse.

Men kor langt skulle avskallinga frå jordbruket gå? Kva med nedleggning av bruk? Rasjonaliseringskomiteen (og andre "ansvarlege" organ) går utanom problema her. Likevel er det høgst merkeleg at innstillinga var samrøyistes, og at Småbrukarlaget ikkje protesterte. Berre med den tilgjengelege teknologien i 1950 ville det bli ein nedgang i brukstalet til langt under helvta.

Løysinga på problemet var å peike på at dei små bruka skulle bli større gjennom nydyrkning. Staten skulle gje auka tilskot til dette føremålet. Her hadde DNA ein lang tradisjon å føre vidare. Satsing på nydyrkning kunne sjå ut som eit Columbi egg. Men - det ville koste. Viktigast var noko som ikkje blei tatt opp på dette tidspunktet - kva med den auka produksjonen? Det var tale om både eit større areal og ein større produktivitet på arealet. Problemet blei aktuelt få år etterpå.

Trass i nydyrkning skulle det i alle fall bli færre folk i jordbruket, det var sjølve kjernen i det politiske opplegget. "Flukta frå landsbygda" blei meir og meir omtalt som eit problem frå 1946 og utetter. Rasmus Nordbø overtok som landbruksminister i Torps regjering, han var ein annan av den vesle gruppa "sosialistiske agronomar" (formann Ås sos.stud. 1940). 1953 kaller han ein spade ein spade: "Mange av de små bruk vil ikke kunne gjøres større og de er for små til å gi en skikkelig levestandard." Løysinga såg han i "at det skapes bedre arbeidsmuligheter ved annet næringsliv på landsbygda, slik at den jordbruksbefolkning som ikke kan skaffes tilfredsstillende inntekter i jordbruket, kan få annet arbeid".

Slike tankar hadde vore framme tidlegare au, såleis alt i arbeidet med det første nasjonalbudsjettet. Men Odd Au-krust peika i eit internt notat på ein avgjerande føresetnad: "For å oppnå dette kreves først og fremst at fagforeningene legger om sin lønnspolitikk." Utan eit lågare løinsnivå ville det ikkje bli industri på bygdene. Det var først med "distriktpolitikken" etter 1960 at dei freista å meistre problemet.

Det er klart at Brofoss ikkje såg på "flukta" som noko problem, i og for seg. Det var naturleg at folk drog til byane, som hadde eit høgare "sosialt og kulturelt nivå" (Nasjonalbudsjettet 1947). Og på landsmøtet 1949 gjekk Bratteli hardt ut: "I dag er det for den *reaksjonære romantikk* blitt en ulykke at en *rasjonell* utvikling og utbygging av landets muligheter, med sikte på å skaffe gode kår for alle her i landet, muligens kan føre med seg *en viss yrkesmessig og distriktsmessig ompllassering av mennesker*" (uth. ST).

"Omplasseringa" tok ikkje til i 1945. Alt før krigen var "flukta frå landsbygda" eit emne for politisk ordskifte. Men framfor alt kom det til ei kraftig overføring av (mannleg) arbeidskraft til "bygg og anlegg" frå 1940 (noko som gjorde ende på massearbeidsløysa). Her låg største problemet for jordbruksdelen under okkupasjonen, ikkje i skort på driftsmiddel. Men endå større var problemet i skogbruket, sidan dette bygde meir på leigd arbeidskraft. Avverka volum gjekk ned, trass i hogstpålegg på eine sida, noko høgare priser og løner på andre sida. Problemet var ikkje over med frigjeringa, heller tvert imot. "Omplasseringa" blei berre sterkare.

### **Skogbruket i økonomisk politikk**

Moderne skogpolitikk tar til med Skogvernlova (1932). Det prinsipielt nye var ei avgift på omsetnaden, først 1%. Desse pengane skulle gå til "kulturarbeid" - planting, grefting o.s.b. Prinsippet blei utvikla vidare i dei fyrste etterkrigsåra, med ei *investeringsavgift* på 10% som resultat.

Parallelt med dette gjekk det ein hard forstfagleg strid om nye former for skogskjøtsel, serleg flatehogst med påfylgjande tilplanting. "Dei nye menn" kalla det ein strid mellom "dyrkingsbruk" og "haustingsbruk". Målet var å maksimalisere den årlege tilvoksteren. 1938 la skogdirektør Sørhuus fram ein "Skogreisingsplan", med siktepunkt å auke produksjonen i skogbruket med 50%. Planen blei fylgt opp ved oppnemninga av (den DNA-dominerte) Skogkom-

misjonen (1951). Eit resultat av denne var Skogreisingsplanen for Vestlandet, som Stortinget godtok utan minste motforestilling.

Det låg ingen prinsipiell partipolitisk motsetnad i "ENN OM VI KLEDD FJELLET?". Men det var sjølvsagt eit spørsmål om prioritering, ut frå kostnadene for stat, fylke og primærkommune. For DNA var ikkje dette eit problem. Skogbruket hadde på fleire måtar høgare prioritet enn jordbruket for partiet. For det første kom omsynet til treforedlingsindustrien (og Norsk papirindustriarbeiderforbund). Det galdt å utvide råstofftilgangen for å kunne effektivisere drifta. Men for det andre hadde skogsarbeidarane fått ein høg plass i partimytologien, ved dei harde arbeidsstridene kring 1930. Skog og Land hadde som mål å skape heilårsarbeid i skogen, noko som ville falle lettare ved dei nye forstfaglege retningslinene. (For det tridje: Haakon Lie hadde eksamen frå Evenstad skogskule.)

Kva så med eideomsretten til skog? Dersom skogen var privat eide såg Skog og Land det slik: di større - di betre. Berre store skogeideomar kunne gje fast heilårsarbeid. Dei mindre gardsskogane hadde gjerne ujamn drift, og nytta berre delvis leigd arbeidskraft. Her var organisasjonen (sentralt) på kollisjonskurs med NBSL, trass i "objektivt" samanfall i interesse. Ein del av jordpolitikken til

*Fløtere i arbeid med en stor tømmervase, Rollag i Buskerud, 1947.*



Småbrukarlaget var kravet om "skog til skoglause bruk". Lov om husbruksskogar av 1939 (jfr. ofr.) kom etter press frå NBSL, men blei eit veikt kompromiss med synet til NSLF - eit "husbruksskoglag" skulle ha eigedomsretten, med det einskilde bruket som luteigar. Likevel var dette eit hår i suppa for Skog og Land. Johan Ødegaard var representant for organisasjonen i skogkommisjonen. Han skreiv til formannen og partifellen Sønnik Andersen at fyrste steget måtte vere å få denne lova bort.

Slik som den økonomiske politikken blei utforma i 1945-46 hadde skogbruket ein heilt annan funksjon enn jordbruket, både på lengre sikt og i aktuelle oppgåver. Jordbruket skulle avgje arbeidskraft til industrien, men skogbruket var råstoffleverandør til ein sentral industribransje. Treforedlingsindustrien skulle bli modernisert og rasjonalisert, på basis av auka og stabil tilgang på tømmer. Den høge prioriteringa synte seg i planane om eit eige skogbruksdepartement 1947/48. "Regjeringens Tømmerutvalg" (1947) hadde 4 statsrådar som medlemer.

I stoda 1945 hadde treforedlinga ein endå viktigare funksjon. Apparatet var intakt, det galdt å utnytte kapasitten maksimalt for eksport, til innenting av knapp valuta. Men på andre sida var det heilt naudsynleg med skurtømmer til sagbruka, for oppbyggjing av nedbrende byar og bygder.

Nå var reguleringsapparatet ferdig utvikla før og under okkupasjonen. Prisdirektoratet hadde fastsett prisar og løner. Viktigare var kontrollen med produksjon og fordeling. Norges Skogeierforbund hadde fått monopol på fyrstehandsomsetnaden 1941. Eit anna apparat fordelte tømmeret til fiberindustrien, med kvotar til kvart foretak. 1941 kom sagbruksprivilega (1688-1860) i ny versjon, 165 sagbruk fekk status som "handelssagbruk", dei andre 7 000 var berre "bondesagbruk". Dei siste fekk lågare pris og måtte levere det aller meste av produksjonen til grossist/handelssagbruk.

Dette illustrerer korleis reguleringsapparatet frå okkupasjonstida blei ståande, med tildels andre siktepunkt. Sagbruksprivilega skulle trygge leveransane til tyskarane, frå 1945 galdt det attreisinga. Men denne reguleringa var ikkje serleg positiv i ei stode då slagordet var samarbeid.

For her kom det appellar om framdriv i skogsarbeidet, heilt frå mai 1945. Odd Aukrust gjekk ut i NRK med påvising av at kvart dagsarbeid tapt i skogen var 500 kroner mindre i utanlandsk valuta. Frå Holmenkollen appellerte langrennsløparane, kjernen var skogsarbeidarar frå Øster-

dalen. Regjeringa ville syte for radioar i koiene, og andre "frynsegoder".

Dette hjelpte sers lite, arbeidskrafta var flaskehalsen, dei "omplasserte" vende ikkje attende til det gamle arbeidet. Det var sameleis ingen suksess at ein del av rekruttida kunne bli avtent i skogen. Produktiviteten var heller ikkje serleg stor hos dei landssvikfangane som blei kommandert til skogsarbeid. Eit par tusen tyske krigsfangar gjekk same vegen, her var det heller ikkje berre positivt at dei skulle vere sist i køen heim.

For DNA var det vanskeleg å kritisere skogsarbeidarane for ikkje å yte nok til attreisinga. Det var lettare å vende kritikken mot skogeigarane, serleg med tanke på mellomkrigstida (og kanhende okkupasjonen). Stikkorda var "unasjonal holdning" og "sabotasje av gjenreisingsarbeidet". Sverre Løberg rykka ut i Stortinget på nyåret 1946, og kravde tvangshogst. Nils Hønsvald kom med eit anna utspeil mot dei som "saboterer eller på annen måte stiller seg illojale". Han la opp til nasjonalisering av skogen. Emil Løvlien gjekk (sjølvsagt) vidare, med framlegg om nasjonalisering av *alle* store skogeigedomar - utan omsyn til illojalitet eller ikkje.

Dette var ein gammal programpost for DNA: "Skogbruket socialiseres og legges under samfundsmessig forvaltning." Men 1936 greidde Haakon Lie å endre dette, til at "samfundsmessig forvaltning" blei eit unntak. I programformuleringa heiter det uklart: "når almene hensyn tilsier det". I komitéinnstillinga blir vilkåret konkretisert: "hvor selskaper og enkeltpersoner ikke driver et forsvarlig forstlig skogbruk". Her var programmet på linje med Skogvernlova og eldre påbod - "vanhevd" som grunnlag for offentlege inngrep.

Det er klart at ei slik formulering var alt for veik for ein del av kjernetroppane i partiet, serleg i det største skogfylket - Hedmark. 1945 fekk sosialiseringstanken ny vind i segla, ikkje berre for skogbruket. No blei det (i tillegg) spørsmål om nasjonalisering/sosialisering som eit middel til effektivisering av produksjonen. I skogsamanheng var det viktig at papirindustriarbeidar forbundet gjekk inn for full nasjonalisering av norsk treforedling. Her var det serleg sterke "objektive" grunnar. Industrien hadde mange små og gamle einingar, kostnadene var høge, og difor kunne dei ikkje bere serleg høge tømmerprisar. For skogbruket kunne liknande moment bli nytta - mange små einingar utan "forst-

lig forsvarlig” drift. Men dertil kom den ideologiske grunn-  
gjevinga. På landsmøtet 1953 sa Gerhardsen: “Både ut fra et  
sosialistisk og ut fra et alminnelig samfunnsmessig syns-  
punkt er det galt at skogen skal kunne være gjenstand for  
privat spekulasjon. *Skogen burde tilhøre samfunnet*” (uth.  
ST).

Men han sa ikkje “må tilhøre”, nasjonalisering var ikkje  
(lenger) aktuell politikk for DNA. Det galdt heller ikkje for  
Skog og Land og for partiet i dei viktigaste skogbygdene.  
Ein skogbrukskomité nedsett av DNA 1949 kom med inn-  
stilling året etter, der dei gjekk inn for ein offentleg skog-  
kommisjon. Skogkommisjonen av 1951 kom, men korkje i  
innstillinga frå parti-komitéen eller i mandatet for kommis-  
jonen var det tale om ei ålmenn nasjonalisering (men rett  
nok om auka offentleg skogkjøp). Konklusjonen var: “man  
må bygge på de eiendomsforhold man har”.

Derimot stod *sysselsetjinga* meir i sentrum for interessa.  
1949-komitéen understreka kravet om stabile arbeidsplassar.  
Kommisjonen var på andre sida mest opptatt av å tryggje

*Stolpelunning i Prest-  
morken, Stange, 1957.*



nok arbeidskraft i skogen. Dette hadde vore eit hovudproblem heilt frå 1940, men då innstillinga kom 1957 var stoda ei anna, for ikkje å tale om i 1962 då proposisjonen blei lagt fram. Innsatsen av arbeidskraft gjekk drastisk ned, som fylgje av tekniske endringar. Viktigast var maskinberking på fabrikktomt, mykje meir enn motorsaga.

Trass i alle dei ulike tiltaka for å skaffe meir arbeidskraft i skogen i den fyrste tida etter frigjeringa, så låg det i dagen at hovudhindringa var det låge lønsnivået. Auka tømmerprisar ville ha ført til stigande spørnad etter arbeidskraft og høgare løner. Dertil ville tømmerprisen slå beinveges ut i større hogst i dei mindre gardsskogane. Slik argumenterte (sjølvsagt) skogeigarane mot skuldingane om "sabotasje".

Haken var at løner og prisar i prinsippet skulle stå fast. Heilt frå hausten 1939 hadde Prisdirektoratet vidtgåande fullmakter, som blei utvida under okkupasjonen. Reichskommisariat fylgte same lina, målet var å hindre eit inflatorisk press i økonomien. Med "Lex Thagaard" frå 1945 blei politikken førd vidare i same låma, med merkelappen *stabiliseringspolitikken*. Krinsen kring Brofoss tenkte historisk, men - som oftast i slike tilfelle - på sviktande grunnlag. Dei ville unngå den førre etterkrigsinflasjonen. Men bortsett frå denne hovudlina var det spesielle problem med skogbruket, ut frå den sentrale rolla næringa skulle ha i attreising og utanriksøkonomi. Ut frå den sentrale strategien for "bedriften Norge" var det dessutan betre at eksportvinsten kom industrien til gode. Norsk treforedling trong sterkt til modernisering.

Norges Bondelag tillyste *hogststopp* hausten 1948, som det fyrste utspelet i ein meir aggressiv jamstellingspolitikk. Dette var eit godt trekk i spelet. Regjeringa blei råka på eit avgerjande felt i den økonomiske politikken, industrien kunne godt betale meir, og det ville bli mindre negativ reaksjon i opinionen enn ved liknande utspel for sjølve jordbruket. (Aksjonen blei avblåst stutt etter, men det er ei anna historie).

### **Jamstellingspolitikk og aksjonsrørsle**

Oppnemninga av Jordbrukskomitéen av 1939 kan vi sjå som eit svar på innstillinga frå Jamstellingskomitéen til NBL. Men vidare kan vi tolke det som ein freistnad på utsetjing av eit aktuelt politisk spørsmål. Utspelet i Stortinget kom frå Bondepartiet, eit krav om auka margarinavgift. Dette skulle vere opptakten til "jamstelling gjenom prisauke". Jon Sundby

gjekk mot nedsetjing av denne nemnda, han hevda at den eigenlege grunnen var at stortingsfleirtalet ville "at intet skal skje på dette område - i allfall ikke før etter neste valg".


Ei liknande tolking kan vi nytte for Jamstellingskomitéen av 1946. Somaren 1945 fekk Regjeringa i stand eit nytt organ - *Landbruksrådet*, med 3 medlemer frå NBL og NBSL. Dette skulle vere ein del av det planøkonomiske apparatet. Men med bakgrunn i jamstellingspassusen i Fellesprogrammet sette Landbruksrådet i gang med ei utgreiing om kva som skulle til for å nå jamstelling. Dei ende opp med same kravet som NBL 1939 - prisauke for jordbruksvarer på 50%. Men ut frå omsyne til attreisingsarbeidet blei dette mellombels nedsett til eit subsidiært krav på 15% prisauke. Gerhardsen annonserte nedsetjinga av dei to komitéane på eit stort møte der han gjorde greie for at det ikkje kunne bli tale om prisauke, ut frå omsynet til stabiliseringspolitikken.

Thagaard og Prisdirektoratet gjekk hardt ut mot bondekravet (forutan at han harsellerte over reknekunstane som var nytta). Men likevel kom det til ein del auke av prisane til produsent. På same vis som ved DNA si adoptering av jamstellingskravet 1939 og 1945 kan vi sjå dette som eit svar på ting som hende *utanfor* det vanlege politiske systemet.

Ein ting var å kome med krav om jamstelling og få kravet prinsipielt godtatt. Noko heilt anna var å få jamstelling gjennomførd i praksis. "Dei unge" i Bondelaget, mellomskiktet i organisasjonen, var utsatt for ulotmodige og misnøgde med den tradisjonelle leiarstilen. Presset frå dei unge førde fram, i mars 1939 sette NBL ned ei nemnd som seinare blei kalla Maktmiddelnemnda. Denne skulle kome med innstilling om korleis dei skulle nå målet. Ut frå ei førebels innstilling og andre kjelder er det tolleg klart kva som var på gang. Utgangspunktet var at bøndene var i mindretal, industriarbeidarane sat med regjeringsmakta, det var små voner til å nå fram etter vanleg parlamentarisk veg. I staden skulle dei ta lærdom av AFL, og nytte same metodar.

På eine sida galdt det å halde ein samla front, som fagorganisasjonen måtte NBL presse bort konkurrerande organisasjoner - Småbrukarlaget. Framfor alt måtte ikkje medlemer ut av styrande organ i dei økonomiske organisasjonane. "Fei dem bort" - sa Jon Leirfall. Dette var føresetnaden for å nå fram med den andre lærdomen frå fagrørsla.

Her galdt det *streik* som politisk våpen. Kontroll med



*Svinemønstring i Verdal, 1950-tallet.*

samyrketiltaka, serleg meieri og mjølkesentralar, skulle bli nytta til å organisere leveringsstopp. Her var dei litt tvilrādige om kven streiken eigenleg skulle vere retta mot. Krigsutbrotet og "prisdiktaturet" frå 1. september gjorde dette enklare. Staten eller DNA-regjeringa var motparten, og prisstopen hadde gjort det lettare å arbeide for aksjonar.

Serleg var det uro i Telemark, det gamle kjerneområdet for Bygdefolkets Krisehjelp. Dei gamle "krisehjelparane" vakna til liv, men det var ein ny mann som var krumtappen i organiseringa av *Jordbruksprodusentenes aksjonskomité*. Johannes Rød frå Siljan blei krinssekretær i Bondelaget 26 år gammal, seinare fylkessekretær i Bondepartiet og varaman til Stortinget. Bondelag og meieri var med, sers viktig var det at lokale småbrukarlag gjekk med og såleis braut med den sentrale leiinga i organisasjonen.

Det var duka for konflikt, og ikkje berre i Telemark. 9. april gjorde ende på førebuingane - mellombels. Men mars 1946 blei det på ny skipa ein aksjonskomité i Telemark, med valde utsendingar frå bondelag, meieri - og småbrukarlag. Johannes Rød blei formann på ny. Dette var likevel ikkje fyrste opptakten. Somaren og hausten 1945 var spørsmålet om streik oppe i fleire av mjølkesentralane. Men den fyrste organiserte aksjonen kom frå grasrota, i desember gjorde småbrukarane på og ved Røros vedtak om auka mjølkepris. Det blei eit følt røre, med trugsmål om bøter. Her var det eit

politisk problem for regjeringspartiet, det var deira eigne folk som aksjonerte. Stortingsmenn og statsråd blanda seg inn, til slutt kom det ei semje og aksjonen blei avblåst.

Men dette gav startskotet til lokal organisering over storparten av Sør-Noreg vinteren og våren 1946. Dette var lokale tiltak, som så gjekk saman i Jordbruksprodusentenes aksjonskomité. Og Johannes Rød blei formann. Dette skjedde ikkje berre utanom dei sentrale instansane, men heller på tverke av dei. Leiinga i dei økonomiske organisasjonane gjekk hardt mot, og nyttja juridiske argument til fulle. Småbrukarlaget var sjølvsagt mot, men det same galdt for leiinga i Bondelaget. Arne Rostad, den nye formannen, gjekk inn for ei samarbeidsline med DNA (som nemnt fekk han tilsett Olav Hogna som generalsekretær).

Regjeringa må ha sett at det var fare på ferde. Telemark-komitéen gjorde vedtak om lokal mjølkestreik i juli, dette var nok ein prøveballong frå Johannes Rød si side. Her var det på ny med valde representantar frå bondelag, meieri og småbrukarlag. Frå dei lokale styresmaktene kom det ein blanda reaksjon. Politiet truga med påtale etter prislova, fylkesmann og tidlegare DNA-statsråd Bergsvik baud seg til å stå i brodden for ein deputasjon til regjeringa. Der skulle det ikkje vere så mykje å hente, for Arbeiderbladet skreiv: "Det er krisehjelpens fascistpregede ånd som lever opp igjen." Karakteristikkken var nok klarert med statsministeren. Laurdagsutgåva 20. juli hadde eit "portrett" av Johannes Rød på fyrste side: "Den første streik mot gjenreisingen tar til om to uker." Det var ein freistnad på å knekke Rød politisk, ved halvkveda viser om unasjonal haldning, og med konklusjon: "Det alle gode nordmenn i krigens år drømte om å skape, en norsk familie, står nå i fare for å knuses av en gruppe aktivister som ingen ting har lært og ingen ting vil lære." Forfattaren var Rolf Gerhardsen.

Trass i dette var aksjonskomitéane ein organisatorisk knallsuksess. Eit viktig element var *lojalitetserklæringane*, der den einskilde jordbrukaren forplikta seg til å fylgje alle parolar frå komitéen - ein politisk blankosjekk. I juni 1948 hadde omlag 75 000 bønder i Sør-Noreg skrive under. Dermed var det i alle fall slutt med påstandar om at dette var "storbønder". Johan Ødegaard kommenterte for Arbeidernes Pressekontor: "det er de relativt små jordbrukere som forlanger aksjon. Det er her en finner de elementer som lar seg beruse av nasjonalromantikken og av naturromantikken og annen form for skryt."

Aksjonskomitéen blei organisatorisk knytt til NBL somaren 1947, etter eit intrikat organisatorisk spel. Den moderate leiinga ville styre og pasifisere den nye organisasjonen. Derimot rekna dei "radikale" med å få meir kraft til å svinge NBL bort frå samarbeidslina. Dei nådde fram på stutt tid. Det kom til semje i jordbruksstingane i august 1947, men representantskapet forkasta framlegget og gjekk såleis mot formann Rostad. Det starta vegen ut av systemet, han måtte slutte som stortingsmann 1949, som formann i NBL 1951, og blei til slutt kasta som styreformann i Holmen Brenneri ("Oplandske"). Aksjonsvåpnet blei prøvd 1948, som nemnd, og på ny i 1951. Men serleg var det suksess med leveringsstopp 1955 og 1956.

NBL hadde svinga over på ei motstandsline. Regjeringa freista å få ned temperaturen og minke fåren for konflikt gjennom Hovudavtalen for jordbruket (1950). Denne la opp "kjøyrereglane" for jordbruksforhandlingane, langt på veg etter mønster frå Hovudavtalen av 1935 mellom AFL og NAF. Avtalen hadde tri partar, NBSL stod formelt likestilt med NBL. Regjeringa kunne ha satsa på eit tettare samarbeid og lagt seg på ei "småbruksline".

Her var det likevel hindringar ut frå omsynet til hovudstrategien for jordbrukspolitikken, som alt nemnt. Men der til var NBSL i klemma, på eine sida tok bruksnedleggjingga til og råka fyrst dei små bruka. På andre sida var det klart at mange av medlemene var positive til aksjonslina. Dei freista å syne distanse frå Regjeringa ved å velje vinstremanen O. E. Noem til formann 1951. Dette hjelpte lite, nedturen heldt fram. Mjølkestoppen 1956 fekk full oppslutning frå dei organiserte småbrukarane, og året etter måtte NBSL sentralt gå med på aksjonen. Dermed var dei snart attende i tidlegare posisjon, med eine foten i grava. Jordbruksavtalane hadde seinare i røynda berre to partar - før NBSL på ny kom opp av grava sist på 70-talet.

### **Solidarisk politikk og næringspolitikk**

Hovudavtalen hadde ein § 10, som var viktig i den større politiske samanhengen: "Den fordel som jordbruket kan skaffe seg gjennom økt produksjon og rasjonalisering [...] skal [...] så vidt mulig, under hensyntagen til landets økonomi, komme jordbruket til gode." Formulerenga viser attende til det omstridde "jamstellingsvedtaket" av 2. oktober 1947. Stortinget slutta seg då samråystes til innstillinga frå Finanskomitéen: "Den produksjonsøkning en kan oppnå i

jordbrukskretet bør i tiden framover i første rekke brukes til styrking av jordbruksstilling som ledd i jamstellingsarbeidet. Dette arbeidet må fremmes fra år til år, og det må sørges for at jordbrukslønninger og lønsevne relativt ikke forverres i forhold til andre næringer.”

Dette utspelet er lett å forstå politisk. Det var uro på bygdene, den sterke oppslutninga om aksjonskomitéane gav alle parti noko å tenkje på. Dertil hadde NBL brote jordbruksstingane og kunne sjå ut til å vere på veg til prinsipiell “aksjonisme”. Her galldt det å syne ei positiv haldning til krav som dessutan hadde prinsipiell godkjennin frå alle parti.

Men Erik Brofoss reagerte voldsomt på utfallet i Stortingset i eit internt skriv: “Det norske Arbeiderparti har fått et ulivssår.” Han truga indirekte med å gå av. Kvifor denne sterke reaksjonen?

Poengen var at jamstellingskravet streid mot den ålmenne økonomiske politikken. Det kom klart fram gjennom oppnemninga av Jamstellingskomitéen 1946. På stutt sikt skulle dette skape ro om saka - “at intet skulde skje”. Og arbeidet tok mest 6 år. Aukrust og Skaug la dertil premiss-

*Ei framtid i jordbrukskretet?  
Unge potetplukkere i  
Ålvundeid på Møre,  
oktober 1961.*



ane for innstillinga for fleirtalet, som munna ut i at jamstelling ikkje var var noko "rasjonelt" politisk omgrep. Dei ville ha spørsmålet ut av økonomisk politikk.

Brofoss skreiv vidare i det siterte brevet: "Aller farligst er uttalelsen om at en skal beholde nivåforholdet til andre næringer." Her var jamstellingskravet snudd på hovudet, han ville helst ha ei relativ *forverring* for bøndene. Brofoss var ikkje spesielt glad i bønder, men det er ikkje forklaringa. Ein effektiv jamstellingspolitikk ville stride mot den økonomisk strategien - satsing på "høgproduktive" næringar. Dersom folk i jordbruket hadde det like godt som andre ville dei ikkje dra derifrå.

1947 gjekk Brofoss mot framlegg om å auke mjølkeprisen for små bruk. Dette gav god samanheng. Jamstellingspolitikk var ille, men "indre jamstelling" var endå verre. Sertiltak for småbruuka ville konservere strukturen ved å stø opp under dei minst effektive, dei som fyrst burde ut.

Her var Brofoss (og dei andre sentrale aktørene) i utakt med partiprogrammet. Jamstelling var offisiell politikk, og indre jamstelling hadde endå betre klang innan partiet. Arbeidsprogrammet 1949 hadde ei anna formulering når det galdt småbrukspolitikken, med endå høgare positivt innhald: "Gjennom en *solidarisk inntektspolitikk* [...] må en søke å gjennomføre en utjamning av de økonomiske vilkår også innen næringen."

Etter svensk mønster hadde fagrørsla svinga over på ein "solidarisk lønspolitikk" i 1930-åra, og stod på same lina etter 1945. Prinsipielt var dette offisiell partipolitikk. Men solidarisk lønspolitikk var berre jamstellingspolitikk i ei anna form, og i like stor motsetnad til den økonomiske strategien. Hadde alle arbeidsplassar likt lønsnivå ville mobiliteten bli minimal, utan kanalisering til dei "høgproduktive" arbeidsplassane.

Då Bratteli talte på landsmøtet 1949 om geoografisk flytjing og yrkesflytjing, meinte han ikkje primært jordbruket. Utgangspunktet var i fagrørsla: "[...] stort sett har den solidariske lønnspolitikken løst sin spesiell oppgave og på enkelte punkter har den muligens *gått for langt*. Andre sider ved lønnspolitikken trenger seg nå fram til overveielse. [...] bør en i noen utstrekning kunne bruke lønningene som middel til å gjennomføre *ønskelige* eller nødvendige distriktsvise eller *yrkesvise* omgrupperinger av arbeidskraften [...]" (uth. ST).

For industrien som for jordbruket var det ein innebygd motsetnad mellom jamstelling og produktivitet, mellom sosialpolitikk og næringspolitikk. Ein næringspolitikk for jordbruket var det slutt på frå 1956 og bøndene nådde omsider fram med jamstellingskravet i 1975. Den solidariske lønspolitikken gjekk det verre med.

### Litteratur

- T. Feiring, O. Rovde, S. Tøsse, *Den norske småbrukaren 1913-1988*, 1988.  
 T. J. Hanisch, *Kryssløpet mellom vitenskap og politikk. Odd Aukrust og forskninga i Statistisk sentralbyrå*, TMV, arbeidsnotat 38, 1991.  
 V. Kapelrud og E. Krogh, *Stø kurs. Det norske arbeiderpartis syn på landbrukspolitikken 1945-57*, Hovudoppgåve NLH, 1983.  
 K. Kjelstadli, "Arbeider, bonde, våre hære ..; Arbeiderpartiet og bøndene 1930-1939", *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, nr. 2, 1978.  
 H. Luihn (red.), *Norges næringsliv*, AOF, 1953.  
 A. S. Milward, *The Fascist Economy in Norway*, Oxford 1972.  
 K. H. Roald, *Mjølk som våpen. Aksjonsrørsla i norsk jordbruk 1945-1947*, Hovudoppgåve UiO, 1977.  
 S. Tveite, "Bønder mot økonoman", *Sosialøkonomien*, nr. 9, 1984.  
 S. Tveite, "Skogbruk og jordbruk er to forskjellige næringer: Skogkommisjonen av 1951", *Landbruksøkonomisk Forum*, nr. 3, 1987.  
 S. Tveite, "Skiftande mål for landbrukspolitikken?", *Landbruksøkonomisk Forum*, nr. 3, 1989.  
 S. Tveite, ".. Da satte han ned den første komité", *Landbruksøkonomisk Forum*, nr. 1, 1991.  
 A. Vatn, *Teknologi og politikk. Om framveksten av viktige styringstiltak i norsk jordbruk 1920-1980*, 1984.  
 A. Vevstad, *Norsk skogpolitikk*, 1992.